



"Nutrition Congress Africa 2012"- ein reiserapport

av Sunniva Nordang

Først av alt ein stor takk til NSE-fondet for å ha innvilga min søknad om reisestøtte. Støtta vart brukt til å reise på kongress i Sør Afrika hausten 2012. Kongressen hadde tittelen "Nutrition Congress Africa 2012- Transforming the nutritional landscape in Africa", og fann stad i Bloemfontain, Sør Afrika. Kongressen var eit samarbeid mellom Nutrition Society of South Africa (NSSA), Association of Dietetics in South Africa (ADSA) og African Nutrition Society (ANS). Edelweiss Wentzel-Viljoen og Ronette Lategan leia hhv. det akademiske og organisatoriske arbeidet.

Kongressen føregjekk over 4 dagar (1-4 Oktober 2012), med 10 plenumsforedrag og 6 parallelle sesjonar, 24 inviterte "speakers" deltok deriblant Prof Philip Calder, Prof Catherine Champagne og Prof Lawrence Haddad, og 241 posterar vart presentert.

Kongressen sitt vitskaplege program var svært variert, og ernæringsutfordringar var diskutert på gen- og individnivå, samt på det lokale og globale plan. Følgjande tema vart diskutert: føtal programmering, nutriogenomics, ernæringsscreening, behandling av acute malnutrition, metabolsk syndrom, fettsyrer, beriking av mat, resultat frå forskingsprosjektet INSTAPA (Improved Nutrition through Staple Foods in Africa) vart presentert, Hiv/Aids, Scaling Up Nutrition, saltreduksjon og etikk med meir.

Det var også fleire sesjonar om Nutrition Transition og overvekt. Eg vil trekke fram Estee Vorster sitt foredrag "The Nutrition Transition in Africa" der ho beskrev utfordringane Afrika står ovafor i dag, og der kosten (og følgjeleg næringsstoffa) endrar seg i takt med urbanisering, akkulturering og moderne livsstil. Ho peikar på at følgjande faktorar er med på å oppretthalde den vedvarande vonde sirkel der fattigdom, underernæring og underutvikling

eskalerar talet på overvektige i utviklingsland: manglende mat- og ernæringssikkerhet, overflod av billige og energitette matvarer med lågt innhald av mikronæringsstoff, preferanse for smak, toleranse for overvekt, ”hidden hunger”, den biologiske linken mellom underernæring i fosterlivet og overvekt seinare i livet og mangel på kunnskap om sunn mat og gode matvanar. Ho konkluderar med at strategiar og program bør utviklast for å hindre dei negative konsekvensane av Nutrition Transition, til dømes bør det vere fokus på kvinnehelse, på ”empowerment” så folk har kunnskapen til å velje ”sunne” matvarer, samt innsats frå alle relevante aktørar.

Føremålet mitt med denne kongressen var å presentere ein poster basert på masteroppgåva, få fagleg oppdatering samt knytte kontaktar.

Posteren eg presenterte hadde tittelen: ”Child nutritional status, feeding practices and women’s workload in agriculture in rural Rukwa, Tanzania”. Vi fann at omlag 65% av borna under fem år i denne landsbyen var veksthemma, og konklusjonen var som følgjer: “The very high prevalence of stunting and underweight indicate a major public health problem in the studied village. Underweight prevalence did not change substantially between 1987/88 (26.4%) and 2010 (25%). The children’s diet is poor according to WHO recommendations. Women’s workload in the field, food insecurity, dry-season cultivation and disease partly explain children’s poor nutritional status. Women’s workload impact on the children’s nutritional status and should be considered when strategies for agriculture are made.”

Hovudtemaet belyst i denne posteren (samanhengen mellom kvinner si arbeidsmengde i jordbruket og barn sin ernæringsstatus) var ikkje eit tema som gjekk igjen på kongressen, sett borti frå min medstudent Tiransia Shoo sin poster med tittelen: ”Effect of women’s and men’s work in agriculture on household food security in rural Tanzania”.

Alt i alt var dette ein svært interessant og inspirerande kongress, og nye kontaktar vart knytta.

Eg anbefalar å sjekke ut nettsida til kongressen:

<http://www.nutritioncongress.co.za/index.php/presentations>

Ein god del av foredragene er publisert her.

Sunniva Nordang